

Tillegg kvartalsrapport 1. kvartal 2025: H, Frp, KrF, Sotralista-TVØ, Pensjonistpartiet og Venstre

Øygarden kommune har dei siste fem åra omstilt og reorganisert mykje for å balansera inntekter og utgifter. Trass i dette viser rekneskapen for 2024 eit underskot, og rapporten for januar 2025 viser meirforbruk. Dette set oss i ein vanskeleg situasjon ved inngangen til eit nytt år.

Formannskapet og kommunedirektøren vil gjera nødvendige tiltak for å balansera inntekter og utgifter. Dette er viktig for å sikra gode og føreseielege tenester til innbyggjarane i Øygarden.

Kommunestyret vedtek desse punkta, for at formannskapet og kommunedirektøren skal ha tettare dialog om tiltak for å halda budsjettet, og sikra ein sunn økonomi framover:

1. Formannskapet vil i kommande møte setja av tid til å gå gjennom tiltak og status/resultat, for å sikra at drifta i 2025 held seg innanfor budsjettet.
2. Årshjulet for politisk behandling av budsjett- og økonomisaker blir revidert for å sikra tidleg involvering av formannskapet, med to dialogmøte i formannskapet fyrste halvår.
3. FS-sak 011/25 - Strategi for økonomisk omstilling, blir prioritert i budsjettarbeidet for 2026. Dette gjeld barnevern, NAV, ressurstildeling skule, spesialundervisning og arealeffektivisering. Målet er å nullstilla budsjettet.
4. Sal av kommunale eigedomar, bygg og andre eigendelar, skal gjennomførast som kommunestyret har vedteke. Inntektene skal hovudsakleg brukast til å betala ned kommunal gjeld.
5. Presentera ei oppdatert liste over ikkje-lovpålagte oppgåver og vurderer om desse kan utførast av andre eller avviklast.